

Emnenr. 39

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kemsedal

Emne: Høgtidsmat ved familiefestar

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899).

Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B<sup>II</sup>, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## A. Barsel.

Eg trur ikkje det var vanleg med noko gjeshbod ved barsel i mi heimbygd den tid eg vaks opp. Har heller ikkje høyrst tradisjon om noko slikt.

Men det hende at kona gjekk til kvarandre med barselgrant når nokon av dei hadde fått barn. Såleis hugsar eg at ei kone i grenda - ho var skyld henne mor - kom med slik sending då systera mine kom til verda. Trur nok at det var i samklang med gamal skikk.

Det var risengrynsgrant - "grynmat" me kalla (som var vanleg gjeshbods-kost den tid) - ho kom med. Hadde han i ein kopp (speltum) med hlede over. Ho kom med ho var endå låg til sengs, nokre dagar etter fødselen. Ho fekk gjølesagt kakling (kaffi og smørbrød).

Eg trur ikkje det var nokon meir faste reglar for denne vitjinga. Dei kom for å gjø til kvarandre og sjua sin med-

hug og ginstige ~~komme~~ til lulle. Elles  
tok dei det som det fall seg. Eg veit heller  
ikkje kor vanleg denne skikken var ut-  
over bygda.

Eg trur og at dei som kom på gjisting  
etter børsel, stundom hadde med ei lita  
gåve til den vesle (t. d. ei lita kulle eller  
lune, som var vanleg plagg til reinborn  
den tid). Men heller ikkje dette var  
fast skikk, det eg kan tru.

Karles det er no, kjenner eg mindre til  
(det over 35 år sidan og reisk heimafri).  
Men det er vel heilt at dei i dette som  
i så mangt elles har like etter byskikken.

### B.

#### Årsmålsdag.

I min oppvekst var festar og gaver i  
samband med årsmålsdag heilt utgjende.  
Årsmålsdagen gjekk som alle hine. Fugur  
trulle meir over det, dei kom ikkje dagen  
i hug ein gang.

No har dei like etter byskikken. Men  
det er mest reunde hal som dei festar  
på. Eg trur ikkje at gebursdagslaget har  
slags igjennom så mykje som i byane.

### C.

#### Konfirmasjon.

Om konfirmasjonen kan eg berre for-  
klja Karles skikken var då og joles  
vart konfirmert. Eg har ikkje høyr  
stort om konfirmasjons-skikken elles.

Det var skikk at ein til konfirmasjonen skulle ha nye fine klede (dress), helst av kjøpt. For min del fekk eg jakke og vest av "sjeviot", men buksa laust bli av svart "våbbmål", far og mor hadde ikkje råd til meir. Så skulle ein ha shivity (silla-loid) og (svart) hatt.

Gaver til konfirmanten tok til å koma i bruk så snart. For min del fekk eg ei slepsnal av kvar (to) av tante mine. Det var all.

Selskap (gjestebod) var det ikkje tale om. Dagen gjekk i så måte som ein søndag elles, og maten var den vanlige. -

No er det nok koma i bruk å halde gjestebod og sende helsingar og gaver (hatt, ringar og dei som er med i selskapet).

### D. Bryllaup.

Testaröl (brulovingsgilde) var det heilt slutt med i min oppvekst. Men det seier at det var slike i gamal tid. Brura skulle bli fekk ein buri sylvring med småringar i, er det sagt.

Heimkomvesle var det derimot enda livringar av. Det var skikk at gjenta skulle ha med seg "heimaföt" (medgift). Kor mykje kom an på kor godt ho og foreldre hennar sat i det. Men det var gjerne: Rosemåla "plögge-kiste", (korn)bölu, rokk, vevstol ("vev-rei"), mjölkeringe, mjölketalur, bakslögogner, yuse imbu eller, sengerly, gangly - eller som kvar hadde råd til.

Dagen før bryllaupet fekk gutten med seg 2-3 av grannane (med best og kjerre til stede) og så heuta dei desse tinga. I samband med heinkoma vart det heldt eit mindre lag (gjestebod). - I min barndom trur eg dei faste skikkane ved heinkomvesta meir og meir loyste seg opp.

Flere dagers bryllup var det heilt slutt med i min barndom, men i min førs ungdom hadde dei to og tre dagers bryllup. Derimot kende det heide at meir langframande vart over til neste dag, så det var liksom noko att av laget til andre dagar og. Kan heide dei bad dei eller uarmast av grannane med.

Bryllaupet vart kalla "lag", og det var ikkje andre gjestebod som vart kalla rett og slutt "lag".

Sending var det slutt med i min oppvekst. Men før var det vanleg. Sendinga var mat til bryllaupet: Tefsekling og rosmebrod lagt i rosemåla sandings korgar. Antal leffer etter som dei hadde velstand til (20 og nedover). I tilførd (der det og var sending) skulle talet vera oddetall dersom det var mann eller kone som før til grava (symbol for at det ikkje lengre var parfolk på garden). Vidare sende dei dylle frå somme gardar, eit rosemåla staupe som var laga til dette bruk. Dyllemakn var gjerne "grynmat": - Det er forresten å merke seg at sendingsskikkane skifte ikkje så lite frå tid til tid. Om-

kring 1890-åra, mest det, tok sendings-  
bøken slutt, og folk byrja med  
"presanger". -

Måltidene under bryllaupet: Det var  
"mat og kaffi" med same ein kom om  
morgonen (eller fyremiddagen): Kaffi med "re-  
kaku" (asningsbrød av rugmjøl, finsikt), rømme-  
brød, mjølkeprim, ost, spekehjot, bakkels  
o.s.v. Det vart og skjunkt öl, i somme bryl-  
laup brennevin (både med same ein kom og  
seinare). Før og no er dei fyrste i bygda  
som heldt bryllaup utan brennevin (1898).  
Sidan vart det vanleg at "lesarane" og prä-  
haldsfolk ikkje hadde brennevin i laget.

Etter at lyden hadde vore ved kyrkja,  
heldt dei sjølve hovudmåltidet: "Sø" (suppe)  
og "maggjet" (mat gjerd) s. v. s. kjøt og potter,  
"gryumat" eller rømmegrant, lefsekling,  
stundom kunne dei og ha fersk fisk (sive)  
eller raka fisk. Etter hovudmåltidet - litt  
lenger ut på eflan - kaffimat, og så gjerne  
eit måltid til utpå kvelden (koffimat,  
lefsekling osv.). Både rettane og antallet  
måltider skifta vissnoko frå sine tida  
til hi (noko og etter ridd og velstand).

Heimebryggja öl var vanleg: alle lag,  
og ölskal - som alle drakk av - vart  
sendt rundt rundt og jant, både under  
og imellom måltida. - Brennevin vart  
skjunkt i yngre lag, meir for ein i yngre  
tid.

Til å stille med maten og setja  
han fram på borda fekk dei hjelp av

av somme av kjerringane i grenda. Dei vart kalla "reikjeringa"(n).

7 nyare tid kom det meir i bruk å halda bryllaup etter utanbygds skikk (byskikk). Somme ruka tid byn og gifta seg. Men framleis står nok dei fleste bryllaup i bygda (skundom på høll). Måltidsritane har skifta slik at dei no nærmar seg meir til byskikken.

### E. Likferd.

Både ved bryllaup og likferd bod dei "grenda" (gardane som låg nærrest til) og skyldfolket. Dei hadde "bear.mann" til å gå rundt med innbydinga.

Gravøl vara berre ein dag i min oppvekst, men i eldre tid vara det to dagar.

Måltidene i gravølet var stort sett dei same og maten den same som i bryllaup. Men det var - i min barndom i alle fall - ikkje brennevin i likferden. Det høilo gjikk skillare for seg. Derimot skjenkte dei (heimebryggje) öl. -

No er maten og måltidene enkellare enn før og rettane meir etter byskikken. Skundom held dei likferd på høll (pensjonat).

Dødsfall-hysingar var ukjende heime i min barndom, men no er dei delvis komne i bruk (heldt berre i lokalpressa).

F. Nye festar.

Den 14. mai vart ikkje høgtida som nokon festdag i min barndom. Men i 1914 vart det (for fyrste gong?) skipa til lag og festmøte på kommunehuset.

Mors-dag (og farsdag) var ubkjende i min barndom over heile landet. Kanskje det er i mi heimabygd no, det ikkje. Men eg trur snart at det har gripe noko serleg om seg med morsdag og farsdag. Det kan vera einstilte lag og foreiningar som skipar til morskveld.

Serlege atlefestar har eg ikkje høyrte tale om i heimabygde mi. Men dei har og så privat karakter.

\*

Slaktegraut var vanleg i min barndom. Det var rømmegraut.

Ved dagnad (det var mest berre ved saktekking og heille difor „fuku“) var det festmåltid når arbeidet var ferdig.

Bufargraut (rømmegraut) at dei fyrst dei flutte heim frå stulen.

6-8-54.

Ola Rudvin